

Referat frå videomøte om Forprosjekt Nasjonal kvensk bibliotekteneste

Tidspunkt: 28. oktober 2015

Deltakarar: Rønnaug Ryssdal (møteleiar), Stine Qvigstad Jenvin, Margrethe Haslund, Birgit Larsen, Philipp Conzett (referat)

Sakliste:

1. Referat frå møtet med NB
2. Skisse til hovudprosjekt, høyringsdokument
3. Tidsplan fram til søknadsfrist 1. februar 2016
4. Eventuelt

1. Referat frå møtet med NB

Avklaring av uklare punkt i referatet:

- «Alt boklig materiale identifisert som kvenskspråklig er digitalisert.»
Her er det snakk om nyare, pliktavlevert materiale som er gjeve ut i Noreg.
- Usikker på kva slags lydopptak det var snakk om

Ansvar for utlån/fjernlån:

- NB understreka at NB Mo i Rana kan ta på seg hovudansvar for utlån. Men kva med materiale som ikkje er pliktavlevert?

Bibliografi og digitalisering:

- Avsnittet om Kvensk bibliografi: forslaget må reviderast
- NB sitt digitaliseringsarbeid omfattar berre materiale som er pliktavlevert.

NB er skeptisk til at nasjonal teneste skal leggjast til institusjon utanfor NB/Oslo. Må argumentera i søknaden korfor det er viktig å forankra tenesta i kjerneområdet for kvensk kultur, jf. også kompetanse i kvensk på UiT og andre institusjonar.

2. Skisse til hovudprosjekt, høyringsdokument

Forslag til endringar:

- Innhaldet må spesifiserast betre/skrivast ut. Til dømes: Kva har samarbeidspartnarane sagt at dei kan bidra med?
- Betre strukturering av søknaden. Til kvart punkt: Mål, tiltak, ansvar, kostnader (kostnader kan leggjast inn seinare)
- Disposisjon: Først målsetjing, så innhald, gjennomføring, prosjektorganisering til slutt.
- Forankring i institusjonane. Kva kan dei ulike aktørane leverera? NB, FFB, TFB, Nordreisa, UB ...

- Hovudprosjektet skal avklare korleis Nasjonal kvensk bibliotekteneste kan få ei varig finansiering.
- Tydeleggjera rolla til NB, må inn som samarbeidspartnar
- Kan Nord-Troms museum involverast i prosjektet, som naturleg samarbeidspartnar for og samlokalisert med Nordreisa bibliotek og Halti kvenkultursenter?
- Kan Nordreisa få ansvar for å testa ut modellar for formidling i samarbeid med andre aktørar? Jf. avsnitt «Hvordan kan kvensk litteratur formidles i bibliotekene?» under pkt (d). I staden kan delen om DKS koordinerast av prosjektleiar? Prosjektleiar bad om tenkjepause på dette punktet og skal kome tilbake med ei formulering av prosjektleiar/Finmark fylkesbibliotek sitt syn på korleis desse oppgåvene kan løysast, for vidare diskusjon i gruppa.
- Tydeleggjera rolla til UB. UiT sit på utanlandsk kvenskrelatert litteratur. Sit på kompetanse i kvensk.
- Philipp har sendt inn merknader på e-post.

3. Tidsplan fram til søknadsfrist 1. februar 2016

Rønnaug sender ut nytt utkast i veke 45. Revidert versjon skal sendast på høyring i veke 46 med to vekers frist. Utarbeider endeleg søknad i januar. Arbeidsmøte i Tromsø, mellom 18. og 24. januar.